

Protokoll styremøte Valdresmusea AS**2018:2**

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: måndag 16. april kl. 10.00–14.00

Til stades: Jan Arild Berg, Jørand Ødegård Lunde, Frode Rolandsgard, Brita Brenna, Gunhild Vegstein Leite og Odd Arne Klemmetsrud. Frå administrasjonen: Tove Stubbene og Ole Aastad Bråten.

Sak 4/2018 Offentleggjering av innkalling og protokoll

I sak 14/2017 bad styret administrasjonen vurdere offentliggjering av innkalling og protokoll frå styremøta. I styremøte gjorde administrasjonen greie for lovverket som pliktar selskapet til å dele slik informasjon.

Vedtak: Med bakgrunn i offentlegheitslova vedtek styret for Valdresmusea at ein frå 2018 offentliggjør alle innkallingar og protokollar på musea sine nettsider. Saka blir sendt til orientering hjå eigarselskapa.

Sak 5/2018 Prosjekt

I sak 3/2018 bad styret administrasjonen gjere greie for omfanget av prosjekt og korleis desse er synleggjort i rekneskapan. I styremøte vart det gitt døme på prosjekt som Valdresmusea per tid er involvert i og korleis finansieringa av prosjekta har gjort arbeidet både større og rikare.

Vedtak: Styret tek presentasjonen frå administrasjonen til orientering.

Sak 6/2018 Strategi

I sak 3/2017 bad styret administrasjonen utarbeide eit notat som grunnlag for drøfting omkring ny strategi for Valdresmusea. I møte 16. april drøfta styret notatet og vegen vidare for arbeidet med ein ny strategiplan for musea.

Vedtak: Styret ber administrasjonen vurdere å gjere støling og stavkyrkje til ei sterkare satsing ved museet. Det same gjeld notidskulturen. Administrasjonen inviterer i forkant av neste styremøte, dei tilsette til drøfting med bakgrunn av signala frå styret.

Gunhild Vegstein Leite

Frode Rolandsgard
Jørand Ø. Lunde

Jan Arild Berg
Espen Olavsson Høyeth

Brita AS Brenna